

Prop. 24 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2025 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 21. november 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2025 i samsvar med punkt 2–4 nedanfor.

2 Omtale av forslag til utgiftsendringar

Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Ansvar for klagesaker der Fiskeridirektoratet er førsteinstans blei i september 2024 ført over frå Fiskeridirektoratet sin klagesakseining til Nærings- og fiskeridepartementet. Det er berekna at utgiftene knytt til dette ansvaret vil vere 1,1 mill. kroner i 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner, til 540,6 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 917, post 01.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner, til 67,7 mill. kroner. Løyvinga er knytt til utgifter i samband med fjerning av det lengeliggjande russiske fartøyet LLV Azurit ifrå Båtsfjord hamn, samt til aktørar som har teke arrest i fartøyet.

Post 25 Drift og forvalting av kompensasjonsordningar

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner, til 8,3 mill. kroner. Lågare forbruk kjem av at både reelt behov for sakshandsaming og kostnader til forvalting og drift generelt er lågare enn berekna da løysinga blei sett i produksjon.

Post 26 Forvalting av grunneigedom på Svalbard, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner, til 11,8 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke under kap. 3900, post 03. Endringa kjem av ei forventa meirinntekt som følgje av

betre kontroll med bruken av grunn på Svalbard og fakturering av eit auka tal leigeforhold.

Post 27 Etablering av støttereister, tilføyning av stikkordet «kan overførast»

Det vart i Saldert budsjett 2025 løyvd 14,3 mill. kroner til etablering av eit støttereister. I påvente av endringar i forskrift, har det vore låg aktivitet i prosjektet i 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om at stikkordet «kan overførast» føyast til posten, jf. framlegg til vedtak II. Dette vil gjere det mogleg å overføre ubenytt midlar til 2026 slik at ein har løyving til å kunne foreta utbetalningar i første halvår 2026.

Post 71 Miljøtiltak Raufoss

For 2025 er det løyvd 7,6 mill. kroner til refusjon av utgifter til pålagde miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining på Raufoss og i Mjøsa. Basert på oppdatert informasjon vil det samla behovet utgjere 4,2 mill. kroner i 2025. Hovudgrunnen til reduksjonen er justerte overslag knytt til særskilde prosjekt i 2025 der kostnadane vil bli fordelte over fleire år. Det er framleis stor usikkerheit knytt til kostnadsanslaget og om alle resterande kostnader vil koma i 2026.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,4 mill. kroner, til 4,2 mill. kroner.

Post 80 (ny) Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft

Departementet gjer framlegg om å løyve 1,2 mill. kroner.

Ordninga innebera at føretak som hadde utgifter til gjennomføring av innreisekarantene for utanlandske arbeids- eller oppdragstakarar under koronapandemien, kunne søke om tilskot til dekking av slike meirkostnader. Det er ikkje løyvd midlar til denne ordninga i Saldert budsjett 2025. Det ligg ei klage til handsaming hos Nærings- og fiskeridepartementet, som kan det resultere i ei utbetaling i 2025.

Post 85 (ny) Mellombels kompensasjonsordning for føretak med stort omsetningsfall som følgje av koronapandemien, overslagsløyving

Departementet gjer framlegg om å løyve 1,3 mill. kroner.

Det er ikkje løyvd midlar til ordninga i Saldert budsjett 2025. Så langt i år er det utbetalt 1,3 mill. kroner i tilskot som tidlegare var tilbakebetalt, men som er utbetalt på nytt etter klagehandsaming og nye vedtak.

Kap. 904 Brønnøysundregistra

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 8,2 mill. kroner, til 564,4 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke under kap. 3904, post 02. Endringa kjem av ei forventa meirinntekt som følgje av fakturering av utviklingsarbeid i Våpenregisteret, finansiert av Politidirektoratet på Justis- og beredskapsdepartementets budsjettområde.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Brønnøysundregistra anslår at prosjektet for ny registerplattform (BRsys) vil liggje om lag eit tertial bak gjeldande plan ved utgangen av 2025. Hovudårsaka er at prosjektet har utført eit større arbeid for linja knytt til ein ny sakshandsamingsautomat for maskinell og automatisk handsaming av meldingar til eit register, Automat 2.0. Brønnøysundregistra forventar at Automat 2.0 vil gje positiv effekt på framdrift og kostnadseffektivitet frå og med 2026. Samstundes er det risiko for at dette ikkje inntreff. Departementet følgjer prosjektet tett. Samanlikna med gjeldande budsjett for 2025 har BRsys eit mindreforbruk på 32,9 mill. kroner.

Prosjektet for brukarvennlege registertenester (BVR) er avhengig av BRsys-prosjektet, særleg sidan ein del av løysingane for BVR må innførast etter at BRsys er ferdig. Som følgje av at prosjektperioden til BRsys blir forlenga i 2025, har Brønnøysundregistra replanlagt og utarbeidd eit vedlegg om endring til det sentrale styringsdokumentet for BVR. Endringa, som er godkjent av departementet, inneber at prosjektperioden for BVR utvidast frå slutten av 2028 til oktober 2029. Dette gjer at forventa forbruk per år blir lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn. Samanlikna med gjeldande budsjett for 2025, har BVR eit mindreforbruk på 26,8 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med til saman 59,7 mill. kroner til 134,1 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke av løyvinga seinare i prosjektperioden.

Kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard*Post 31 Miljøtiltak Løkken, kan overføres*

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 9,2 mill. kroner.

Endringa kjem som følgje av at etablering av ein ny rammeavtale som har teke lengre tid enn planlagt. Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard har gjennomført tiltak for å leggje til rette for auka aktivitet på området framover, som vil ha full effekt frå budsjettåret 2026.

Post 32 Miljøtiltak Folldal, kan overføres

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 7,7 mill. kroner, til 10,4 mill. kroner.

Endringa kjem som følgje av lågare kapasitet hos DMF, som mellom anna skuldast at etablering av ein ny rammeavtale og rekruttering av ny prosjektleiing har teke lengre tid enn planlagt. DMF har gjennomført tiltak for å leggje til rette for auka aktivitet på området framover som vil ha full effekt frå budsjettåret 2026.

Kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering*Post 01 Driftsutgifter*

Ein del tilsetjingsprossesar teke lengre tid enn planlagt, mellom anna på grunn av utfordringar med tilgang på kvalifiserte søkarar. I tillegg har kostnadene til konsulentbistand i samband med overdraging av atomanlegget i Halden frå Institutt for energiteknikk (IFE) til Norsk nukleær dekommisjonering (NND) har blitt lågare enn budsjettet. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 17 mill. kroner, til 310,2 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overføres

Eit oppdatert anslag frå NND tilseier at behovet for løyving til oppryddingsprosjekt i 2025 vil vere 40 mill. kroner lågare enn det som er lagt til grunn i budsjettet. På grunn av behovet for å prioritere andre prossesar, har arbeidet med å planlegge fysisk demontering av anlegga blitt utsett. I tillegg er det lågare framdrift enn føresett i fleire av prosjekta som finansierast av denne posten. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 40 mill. kroner, til 370,7 mill. kroner.

Post 30 Opprydding Søve, kan overføres

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 35 mill. kroner, til 16 mill. kroner. Endringa kjem som følgje av at arbeida i fase 1 (samspillsfasen) som gjeld aktivitetar med å utarbeide søknader for å få innvilga nødvendige løyve frå relevante styresmakter har teke lengre tid enn først antatt, og vil gå føre seg ut i andre kvartal 2026. Først når løyva er innvilga, kan sjølve oppryddingsarbeida starte opp.

Dette inneber samstundes at bestillingsfullmakta må aukast tilsvarende. Departementet gjer framlegg om å auke bestillingsfullmakta med 35 mill. kroner, frå 40,5 til 75,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III.

Post 60 Tilskot til kommunar

Tilskotsordninga er retta mot kommunar som er eller planlegg å bli vertskommune for atomanlegg. Søknadsinngangen har vore lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,4 mill. kroner, til 5,7 mill. kroner.

Kap. 908 Institutt for energiteknikk*Post 71 Tilskot til sikring av atomanlegg*

Innafor løyvinga blei det sett av midlar til sikrings tiltak ved atomanlegget i Halden. Norsk nukleær dekommisjonering tok over dette anlegget 1. april 2025. Sikringstiltak knytt til anlegget i Halden vil bli dekt over løyvinga på kap. 907, post 21. I tillegg har ein del av sikringstiltaka knytt til IFE sitt anlegg på Kjeller blitt gjennomførde til lågare kostnad enn budsjettet, og nokre planlagde tiltak vil ikkje bli sette i gong i 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 31,9 mill. kroner, til 58,6 mill. kroner.

Post 72 Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur

Det er inngått avtale mellom staten og Institutt for energiteknikk om lån på 120 mill. kroner for å finansiere flytting av laboratorier og infrastruktur ut av det konsesjonsbelagde området på Kjeller. Oppdatert framdriftsplan tilseier at det vil bli utbetalt 17,5 mill. kroner i 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 17,5 mill. kroner, til 17,5 mill. kroner.

Kap. 909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk*Post 73 Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, overslagsløyving*

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 90 mill. kroner, til 2 549 mill. kroner. Tilskotsordninga er regelstyrt og rettsbasert, og løyvinga er ei overslagsløyving. Den avhenger av talet på sjøfolk i ordninga og deira lønn.

Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet*Post 01 Driftsutgifter*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 4,1 mill. kroner til 530,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av kap. 3910, post 02 og post 86. Auken i inntekter skyldast fleire sertifikatsøknader, fleire tilsyn utan varsel og meirarbeid knytt til brot på reglement. Ein viser til omtale under kap. 3910.

Kap. 912 Klagenemndssekretariatet*Post 21 (ny) Særskilde driftsutgifter*

Stortinget har samtykka i at Nærings- og fiskeridepartementet kan overskride løyvinga for å dekkje eventuelle saksomkostningar knytt til endring av innklaga vedtak til fordel for ein part i medhald av forvaltingslova § 36, i saker som handsamast av nemnder Klagenemndssekretariatet betener. Det er ikkje løyvd midlar til denne ordninga i Saldert budsjett 2025.

Ved utgangen av september var det fatta vedtak om dekking av slike saksomkostningar på til saman om lag 13,4 mill. kroner, som vil bli utbetalt i løpet av året. Vedtaka om dekking av saksomkostningar er knytt til seks ulike saker, som har vore handsama i Marknadsrådet og Konkurransklagenemnda. Det er uklart om det vil bli fatta fleire vedtak om dekking av slike utgifter i løpet av året, og i så fall kor mykje som vil bli dekt.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å løyve 13,4 mill. kroner.

Kap. 913 Daglegvaretilsynet*Post 01 Driftsutgifter, tilføyning av stikkordet «kan overførast»*

Regjeringa har foreslått å leggje ned Daglegvaretilsynet i 2026 og flytte ansvaret for handheving av lov om god handelsskikk til Konkurransetilsynet.

Endringa vil påføre tilsyna fleire eingongs-kostnader. Det er stor usikkerheit om storleiken på utgiftene, og når dei vil oppstå.

På bakgrunn av dette gjer departementet framlegg om at kap. 913, post 01 føyast til stikkordet «kan overførast». jf. framlegg til vedtak II.

Kap. 915 Regelrådet*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 0,7 mill. kroner, til 11,3 mill. kroner.

I handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2025 blei løyvinga redusert med 2 mill. kroner, med det føremål å leggje ned Regelrådet. Som ei oppfølging av Stortinget sitt vedtak blei det den 15. august fastsett ein kongeleg resolusjon om nedlegging av Regelrådet frå 1. mars 2026.

Nedlegging av ei offentleg verksemd krev ei rekke avklaringar, mellom anna som følgje av lover, avtalar og retningslinjer for omstilling. Dette gjer at prosessen tek tid, òg fordi nedlegginga ikkje hadde blitt utreda på førehand. Ei innsparing på 2 mill. kroner i andre halvår 2025 er ikkje oppnådd. Dette skuldast at størsteparten av Regelrådet sitt driftsbudsjettet går til løn til faste tilsette og husleige.

Kap. 916 Kystverket*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner, til 89,5 mill. kroner. Løyvinga er knytt til Kystverkets utgifter i samband med fjerning av det lengeliggjande russiske fartøyet LLV Azurit ifrå Båtsfjord hamn, som inkluderer tømning, klargjering og slep av fartøyet.

Kap. 917 Fiskeridirektoratet*Post 01 Driftsutgifter*

Departementet gjer framlegg om å om å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner, til 533,4 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 900, post 01, jf. omtale under kap. 900.

Ansvaret for klagesaker der Fiskeridirektoratet er førsteinstans, blei i september 2024 ført over frå Fiskeridirektoratet sin klagesakseining til Nærings- og fiskeridepartementet. Det er berekna at innsparinga hos Fiskeridirektoratet vil utgjere 1,1 mill. kroner i 2025.

Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overføres

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 19,8 mill. kroner, til 154,0 mill. kroner, som følgje av auka anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta, som finansierer utbetalingane over denne posten. Se nærare omtale under kap. 5574, post 74 Fiskeriforskningsavgift.

Kap. 919 Ymse fiskeriføremål

Post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd får utbetalt 55 pst. av inntektene frå sal av nye oppdrettsløyve, i tillegg til produksjonsavgifta på laks, aure og regnbogeaure i sin heilskap. Produksjonsavgifta utbetalast etterskotsvis.

I Saldert budsjett blei det løyvd 1 244 mill. kroner. Dette var basert på eit anslag for inntekter frå produksjonsavgifta i 2024. I samband med revidert nasjonalbudsjett blei løyvinga auka til 1 415 mill. kroner, då inntektene frå produksjonsavgifta blei høgare enn anslaget, og det blei seld nye oppdrettsløyve mot betaling. Prisen for nokre av desse løyvene blei satt for høgt, og noko av innbetalinga har blitt tilbakebetalt. Ein viser til omtalen under kap. 3917, post 13.

Som følgje av dette gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 5,4 mill. kroner, til 1 409,9 mill. kroner.

Post 74 Erstatningar, kan overføres

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 4 mill. kroner, til 5,9 mill. kroner.

Det er forventa høgare kostnader i samband med utbetaling av erstatningar over posten enn det som er budsjettert. Det er estimert ei samla utbetaling i 2025 på 5,9 mill. kroner.

Post 76 Tilskot til fiskeriforskning, kan overføres

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner, til 8,7 mill. kroner, som følgje av auka anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta, som finansierer utbetalingane over denne posten. Se nærare omtale under kap. 5574, post 74 Fiskeriforskningsavgift.

Kap. 920 Noregs forskingsråd

Post 70 Tilskot til næringsretta forskning, kan overføres

Det blei i 2025 avsett 8,1 mill. kroner til Forskningsrådet sitt eige arbeid med Mineralstrategien (5 mill. kroner) og Prosess21 (3,1 mill. kroner). Midlane blei overført frå kap. 920, post 50 til kap. 285, post 21. Dei siste prognosane tilseier eit lågare forbruk enn det som blei budsjettert.

På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 2,9 mill. kroner, til 1 015,7 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon under Kunnskapsdepartementets kap. 285, post 21.

Kap. 922 Romverksemd

Post 51 (ny) Eigenkapital Andøya Space, kan overføres

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Prop. 127 S (2019–2020) eit vilkårsbunden tilsegn om inntil 282,6 mill. kroner i eigenkapital til etablering av Andøya Spaceport (post 51) og eit vilkårsbunden tilsegn om inntil 83 mill. kroner i regionalstøttetilskot til Andøya Space AS (post 76). Begge tilsegna var knytt til etablering av Andøya Spaceport. Det er inngått ei investeringsavtale mellom Andøya Space AS og eigarane Nærings- og fiskeridepartementet og Kongsberg Defence & Aerospace AS, og kapitalen blir utbetalt til selskapet på grunnlag av framdrifta i prosjektet. Nærings- og fiskeridepartementet har hittil tilført Andøya Space 209,6 mill. kroner av eigenkapitalen og 56,5 mill. kroner av tilskotet. Resten av løyvinga (73 mill. kroner i eigenkapital og 26,5 mill. kroner i tilskot) skal etter vilkåra utbetalast når Andøya Space AS framforhandlar ein langsiktig kunde-kontrakt for den andre oppskytingsrampa.

Begge postane har stikkord «kan overføres», men fordi løyvinga er frå 2023 og det berre er anledning til å overføre for to budsjettår av gangen (jf. løyvingsreglementet § 5 tredje ledd), vil løyvingane bli tilbakeført til statskassa ved utgangen av 2025 om dei ikkje blir utbetalt i løpet av året. Det er framleis behov for løyvingane. Selskapet er i ferd med å utvikle ein revidert forretningsplan, og tidsplanane selskapet har skissert, tilseier at det er sannsynleg at det ikkje vil oppstå behov for utbetaling av midlar i 2025, men i løpet av første halvår 2026.

Departementet gjer difor framlegg om å løyve dei gjenstående midlane på dei to postane på nytt for 2025, slik at det er mogleg å overføre midlane og kunne utbetale dei i første halvår 2026 om det

skulle bli behov for det. Det gjenstående av løyvingane frå 2023 vil bli tilbakeført til statskassa ved årsslutt. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å løyve 73 mill. kroner.

Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)

Kontingenten i ESA blir utbetalt i euro. Valutakursen blei høgare enn den som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2025. I tillegg har pensjonskostnader i ESA auka samanlikna med det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett for 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 1,0 mill. kroner, til 286,3 mill. kroner.

Post 71 Internasjonal romverksemd

Norske utbetalningar til ESA blir betalt i euro. Valutajusteringar for utbetaling til ESA og tilbakebetaling grunna lågare framdrift enn forventta har ført til auka kostnad samanlikna med det som låg til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2025. Posten skal òg dekkje kostnader til Radarsat-avtalen som utbetalast i dollar. Det blir lagt til grunn ein noko lågare valutakurs på utestående betaling samanlikna med kursen som blei brukt i revidert nasjonalbudsjett 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner, til 469,3 mill. kroner.

Post 73 EU sine romprogram

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Høgare eurokurs ved utbetalingsdato i august enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2025 tilseier eit høgare løyvingbehov.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner, til 606 mill. kroner.

Post 75 Tilskotsordning knytt til nasjonalt senter for jordobservasjon i Tromsø – tilføring av stikkordet «kan overførast»

Direktoratet for romverksemd forvaltar ein tilskotsordning, som skal nyttast som prosjektmidlar knytt til utviklinga av eit nasjonalt senter for jordobservasjon i Tromsø. Tilskotsmidlane skal bidra til innovasjon, knoppskyting og nyetableringar innan romrelatert næringsliv i og utanfor regionen, og medverke til å utvikle nye bruksområde for jordobservasjonsdata.

Det er utarbeidd ei forskrift for ordninga, som vart vedteken av Kongen i statsråd før sommaren, og Direktoratet for romverksemd har lyst ut midlane med frist 1. oktober. 2025. Aktørane kan ikkje starte opp arbeidet før søknad om midlar er sendt. Det er dessutan viktig at handsaminga av søknadane får tilstrekkeleg tid, slik at ikkje mindre gode prosjekt får støtte. Samla sett fører dette til stor uvisse rundt utbetalingstakten i 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om at post 75 får stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II. Det har vore betydelege forseinkingar i oppstarten av arbeidet, og det vil difor vere noko etterslep i ordninga, utan at det inneber at behovet for løyvingar blir redusert.

Post 76 (ny) Tilskot Andøya Space, kan overførast

Ein viser til nærare omtale under post 51. På bakgrunn av dette gjer departementet framlegg om å løyve 26,5 mill. kroner, slik at det er mogleg å overføre midlane for ei eventuell utbetaling i første halvår 2026. Det gjenstående av løyvinga frå 2023 vil bli tilbakeført til statskassa ved årsslutt.

Kap. 923 Havforskningsinstituttet

Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 35,7 mill. kroner til 277,3 mill. kroner, som følgje av auka anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta, som finansierer utbetalingane over denne posten. Sjå nærare omtale under kap. 5574, post 74 Fiskeriforskningsavgift.

Kap. 924 Internasjonale samarbeidsprogram

Post 70 Tilskot

Løyvinga dekker Noreg sin del av utgiftene til EU sitt investeringsprogram InvestEU og dei samla utgiftene for deltaking i programdelane som Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarlege for under EU sitt program for den indre marknaden. Utanriksdepartementet utbetalar programmidlar til EU og ber om refusjon frå dei ansvarlege departementa i etterkant. Dei totale utbetalingane til dei to programma utgjer om lag 364,3 mill. kroner for 2026, fordelt med 289 mill. kroner til InvestEU og om lag 75,3 mill. kroner til program for den indre marknaden.

Departementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga med 3,8 mill. kroner, til 364,3 mill. kroner.

Kap. 950 Forvalting av statleg eigarskap

Post 21 Særskilde driftsutgifter

I Saldert budsjett 2025 er det løyvd 33,1 mill. kroner til å dekkje utgifter til fagleg bistand i samband med aksjetransaksjonar i selskap under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting. Posten skal òg dekkje konsulentbistand ved eigar- og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter. Dei samla utgiftene for 2025 er anslått til om lag 49,1 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 16 mill. kroner, til 49,1 mill. kroner.

Kap. 952 Investinor AS

Post 50 (ny) Risikokapital

Forslaget inneber å auke Investinors rammer under mandatet for fonds- og matching-investeringar som følgje av tilbakebetaling frå pre-såkornordninga, jf. forslag under kap. 3952, post 55.

Ordninga med pre-såkornfond blei overført frå Innovasjon Noreg til Investinor i 2020, og det blei oppretta eit nytt mandat for fonds- og matching-investeringar i Investinor. Stortinget vedtok i 2020 at det ikkje skulle opprettast nye fond under den opphævelege pre-såkornordninga, og at det nye mandatet i Investinor mellom anna kunne ivareta føremålet med ordninga med pre-såkornfond framover. Det blei lagt til grunn at tilbakebetalte utlån frå pre-såkornfond kunne nyttast som inndekking for løyvingar til risikokapital til det nye mandatet i Investinor. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S (2019–2020) under «Saker i tilknytning til enkeltelskaper» og under kap. 950, post 54 om Investinors mandat for forvalting av fonds- og matchinginvesteringar. Tilbakeførte pre-såkornmidlar er såleis blitt konvertert til risikokapital i mandatet for fonds- og matchinginvesteringar både i 2021, 2023 og 2024.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å nytte tilbakebetaling frå pre-såkornordninga til å løyve 12,5 mill. kroner til risikokapital i Investinor. Ein viser òg til omtale under post 95 der det i tillegg blir gjort framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskott til mandatet med 23 mill. kroner, i tråd med etablert budsjettpraksis der

35 pst. av midlane blir løyvd på ein tilskotspost (såkalla over streken), medan 65 pst. blir løyvd som formuesplassering (90-post, såkalla under streken). Mandatet blir med dette tilført totalt 35,5 mill. kroner i 2025.

Post 51 Tapsfond såkornkapital

Under Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett for 2025 blei det løyvd 166 mill. kroner til tap utover tapsfond i ordninga med såkornfond frå 2006–2008 (bølje II). Løyvinga skulle mellom anna dekkje nedskriving av lån kor det var usikkert om Investinor ville få tilbakebetaling frå fonda. Midvestfonda har no tilbakebetalt det resterande lånet. Dette gjer grunnlag for å redusere løyvinga til tap utover tapsfond med 31,1 mill. kroner. Dei ulike midla løyvd til bølje II-fonda har vore plassert på ulike tapsfond og lånekontoar forvalta av Investinor og departementet. Avsemingar av kontoane har synt at løyvinga til tapsavsetjing ut over tapsfond blei satt 25,2 mill. kroner for lågt i samband med revidert nasjonalbudsjett.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med netto 5,9 mill. kroner, til 160,1 mill. kroner.

Post 95 (ny) Kapitalinnskott

Ein viser til omtale under post 50. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til mandatet for fonds- og matchinginvesteringar med totalt 35,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å løyve 23 mill. kroner til kapitalinnskott.

Kap. 2421 Innovasjon Noreg

Post 50 Tilskott til etablerarar og verksemdar, inkl. tapsavsetjingar

I samband med nysalderinga for 2024 blei det, som ei mellombels løysing, vedteke å løyve 6 mill. kroner for å dekkje administrasjonskostnader knytt til forvaltinga av den då nyetablerte risikolåneordninga Grøn industrifinansiering. Løyvinga blei gitt under føresetnad om tilbakebetaling i 2025, når ordninga var venta å ha tilstrekkelege renteinntekter til å dekkje administrasjonskostnadene. Ordninga er no operativ. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, til 1 067,6 mill. kroner.

Post 70 Basiskostnader

Ekstraordinære kostnader knytt til omstilling

I Prop. 1 S (2025–2026) er det gjort framlegg om å redusere løyvingane på fleire postar under kap. 2421 på budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjeld tilskot til Innovasjon Noreg. Det blir òg foreslått reduksjonar i fleire lånerammer og løyvingar på Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett. Samla sett vil desse endringane føre til redusert aktivitetsnivå og mindre rammer for Innovasjon Noreg sin verksemd og evne til å tilby finansiering og tenester til næringslivet.

Innovasjon Noreg har ikkje eigenkapital til å dekke omstillingskostnader som vil kome til i denne samanhengen, og oppdragsgjevarane er forplikta til å dekke verksemda sine forpliktingar, jf. Lov om Innovasjon Noreg og Vedtekter for Innovasjon Noreg § 9. Avsetting til nedbemanning og omstilling må gjerast i Innovasjon Noreg sitt rekneskap det året avgjerda blir tatt.

Organiseringa av verksemda ligg til selskapet sjølv. Det er styret som skal gjere prioriteringane i ein ny omstillingsprosess.

Regjeringa har i proposisjonen varsla om å kome tilbake til spørsmålet om løyvingar til omstillingskostnader i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2025, som følgje av dei føreslåtte løyvingssreduksjonane og påfølgjande omstillingsbehov.

Reduksjonen i aktivitetsnivå gjer det nødvendig for verksemda å gjennomføre organisatoriske endringar for å sikre ei kostnadseffektiv utføring av dei reduserte oppdraga. Endringane vil mellom anna innebere ein betydeleg reduksjon i talet på medarbeidarar.

Det vil difor vere behov for å løyve midlar i 2025 til å dekkje desse kostnadene. Det er førebels uvisst kor store dei endelege omstillingskostnadene vil bli. Det blir lagt til grunn at beløpet som blir sett av til omstilling, blir avgrensa til det som er naudsynt for å dekkje forpliktingar som følgje av løyvingssreduksjonane. Det vil bli stilt krav om sluttrapport for omstillingsarbeidet. Beløp som ikkje går til omstilling, vil bli tilbakeført til statskassa. Anslag på kva som er nødvendig løyving for å gjennomføre omstillinga er anslått til 90 mill. kroner.

Ekstraordinære kostnader knytt til avsetjing til pensjon

Ei planendring som er vedteken for avtalefesta pensjon (AFP) for tilsette i offentlig sektor knytt til livsvarig AFP, fører med seg ein ekstraordinær

eingongskostnad for Innovasjon Noreg. Kostnaden må først i rekneskapen for 2025.

Styret i Innovasjon Noreg har fastsett nivået for «forsvarleg eigenkapital» til mellom 8 og 12 pst. av dei årlege offentlege og eksterne inntektene til selskapet. Eigenkapitalandelen var per første kvartal 2025 på 7,7 pst. og dermed utanfor det styrefastsette nivået. Innovasjon Noreg har ikkje moglegheit til å byggje opp eigenkapitalen med dei rammevilkåra som ligg til grunn i dag. Det går fram av lov om Innovasjon Noreg og eigaravtalen at eigarane (Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane) er ansvarlege for å sikre at selskapet har ein forsvarleg eigenkapital. Eigarane må difor bidra med finansiering for å dekkje dei auka kostnadene i samband med ny livsvarig offentlig AFP-ordning.

Det er førebels anslått frå Staten sin pensjonskasse at denne eingongskostnaden vil vere på om lag 81,3 mill. kroner. Etter eigaravtalen mellom departementet og fylkeskommunane vil departementet sin del av dette vere om lag 49,6 mill. kroner.

Oppsummering

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med til saman 139,6 mill. kroner, til 322,6 mill. kroner.

Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving

Innovasjon Noreg finansierer si utlånsverksemd ved å ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer sin utlånsportefølje ved å ta opp korte og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført kvar gong Innovasjon Noreg tek opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa, og akkumulert. Løyvinga vil variere som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna, men vil òg vere avhengig av endringar i utlånsvolum. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325 og rentene på kap. 5625. Løyvingsendringane på statsbudsjettet for 2025 er basert på anslag om marknadsutvikling, fordeling av flytande/faste lån, porteføljeutvikling og innbetalingar av avdrag og renter frå kundar. Innlåna er anslått å bli lågare enn det som låg til grunn ved Saldert budsjett 2025. Departementet gjer òg framlegg om å redusere avdraga,

jf. omtale under kap. 5325, post 90, og rentene, jf. omtale under kap. 5625, post 80.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,4 mrd. kroner, til 61,9 mrd. kroner.

nosen for utlån i 2025 er redusert på grunn av lågare utbetalingar av lån enn forventa. Dette gjeld særleg lån til fornybar industri, maritim sektor og havbruksnæringa. Fleire skipssaker har òg blitt finansiert av private bankar med garanti frå Eksportfinansiering Noreg. På bakgrunn av dette gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 7,3 mrd. kroner, til 8,5 mrd. kroner.

Kap. 2429 Eksportkredittordninga

Post 90 Utlån

I Saldert budsjett 2025 er det løyvd 15,8 mrd. kroner til utlån under eksportkredittordninga. Prog-

Kap. 2440 og 5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda¹

		(i mill. kr)		
Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande løyving ²	Forslag til ny løyving	Endring ¹
<i>Kap. 2440</i>				
Post 30	Investeringar	35 000	35 300	300
Post 31	Kjøp av eigardelar	-2 046	-1 866	180
	Sum kap. 2440	32 954	33 434	480
<i>Kap. 5440</i>				
U.post 24.1	Driftsinntekter	332 900	319 700	-13 200
U.post 24.2	Driftsutgifter	-43 200	-44 800	-1 600
U.post 24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100	-2 800	-700
U.post 24.4	Avskrivingar	-33 500	-37 800	-4 300
U.post 24.5	Renter av staten sin kapital	-5 000	-5 200	-200
Post 24	Driftsresultat	249 100	229 100	-20 000
Post 30	Avskrivingar	33 500	37 800	4 300
Post 80	Renter av staten sin kapital	5 000	5 400	400
	Sum kap. 5440	287 600	272 300	-15 300
<i>SDØE sin kontantstraum:</i>				
	Innbetalingar ³	332 900	319 700	-13 200
	Utbetalingar ⁴	78 254	81 034	-2 780
	Netto kontantstraum frå SDØE	254 646	238 666	-15 980

¹ Beløpa i tabellen er runda av til nærmaste 100 mill. kroner. Det kan difor førekomme avvik når tala summerast.

² Revidert budsjett, jf. Prop. 146 S og Innst. 540 S (2024–2025)

³ Innbetalingar = driftsinntekter

⁴ Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingsutgifter + investeringar

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er auka med 300 mill. kroner, til 35,3 mrd. kroner. Auken kjem i hovudsak av endringar i fasing av produksjonsboring på enkelte felt.

Endringa for kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar kjem av vederlaget for Visund i samband med harmonisering av eigarstrukturen i Visundområdet, jf. omtale nedanfor.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er redusert med 13,2 mrd. kroner, til 319,7 mrd. kroner. Reduksjonen kjem av lågare prisføresetnader for olje og gass i 2025. Prisen på gass er redusert frå 5,1 kr/Sm³ til 4,8 kr/Sm³, medan prisen på olje er redusert frå 807,8 kroner per fat til 720,1 kroner per fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 1,6 mrd. kroner, til 44,8 mrd. kroner. Dette kjem i hovudsak av auka utgifter til kjøp av tredjepartsgass, delvis motverka av lågare kraftprisar og reduserte miljøavgifter.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 700 mill. kroner, til 2,8 mrd. kroner, som følgje av forventade høgare aktivitet og kostnader.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er auka med 4,3 mrd. kroner, til 37,8 mrd. kroner, som følgje av høgare anslag for olje- og gassproduksjon.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av staten sin kapital er auka med 200 mill. kroner, til 5,2 mrd. kroner, som følgje av endra rentesats.

Endringane fører samla til at driftsresultatet for SDØE er redusert med 20 mrd. kroner, til 229,1 mrd. kroner.

Netto kontantstraum frå SDØE er rekna til 238,7 mrd. kroner, ein reduksjon på 16 mrd. kroner frå 254,6 mrd. kroner.

Tabell 2.2 Prisføresetnader

Produkt	Gjeldande føresetnader for 2025	Nye føresetnader for 2025
Olje (NOK/fat) – laupande	807,8	720,1
Olje (USD/fat) – laupande	76,2	69,1
Gass (NOK/Sm ³) – laupande	5,1	4,8
Kondensat (NOK/Sm ³) – laupande	4 826,7	4 135,0
NGL (NOK/tonn) – laupande	6 145,3	5 144,9
Valutakurs (NOK/USD)	10,6	10,4

Harmonisering av eigarstrukturen i Visundområdet

Energidepartementet har inngått avtalar om kjøp av delar i utvinningsløyve 120 og 120 CS frå dei andre rettshavarane. Avtalane inneber ei harmonisering av eigarstrukturen i Visundområdet og er inngått som del av eit forlik i eit pågåande søksmål frå ConocoPhillips Skandinavia AS og Repsol Norge AS.

Deltakardelar i Visundfeltet og utvinningsløyve 120 – bakgrunn

Dei fleste utvinningsløyva for petroleumsvirksomheit på norsk kontinentalsokkel blei i perioden 1974 til 1993 tildelte med vilkår om at staten sin deltakardel kunne aukast i felt som seinare blei bygde ut. Ordninga blei avvikla for nye utvinningsløyve frå og med den 14. konsesjonsrunden,

jf. St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 6 (1992–93), side 5. For utvinningsløyve som alt var tildelte med slike vilkår, blei retten til auka statleg deltaking fråfallen etter forslag frå regjeringa, jf. St.prp. nr. 1 (1994–1995), side 207–212.

Unntaket gjaldt utvinningsløyve der det alt var lokalisert felt over ein viss storleik. I desse løyva blei retten til auka statleg del nytta med éin gong for dei aktuelle felte, medan retten blei fråfallen for dei andre delane av løyvet. Eitt av felte der staten auka sin del, var Visundfeltet i utvinningsløyve 120.

Ved at staten nytta retten til auka del i Visundfeltet, samstundes som retten blei fråfallen i dei andre delane av utvinningsløyvet, oppstod det ein situasjon med ulike deltakardelar i Visundområdet. Staten har dermed ein høgare del i sjølve Visundfeltet enn i resten av utvinningsløyve 120. Dette er framleis den gjeldande situasjonen.

Tabell 2.3 Dagens fordeling av delar

Rettskavar	Visundfeltet	Utvinningsløyve 120
Equinor Energy AS	53,20 pst.	59,064516 pst.
Petoro AS (SDØE)	30,00 pst.	16,935484 pst.
ConocoPhillips Skandinavia AS	9,10 pst.	13 pst.
Repsol Norge AS	7,70 pst.	11 pst.

Kjøp av deltakardelar i utvinningsløyve 120 og 120 CS

I heile perioden etter at staten auka sin del i Visundfeltet, har det vore usemje om avgrensinga av feltet, og dermed kva delar av utvinningsløyve 120 staten har høgare del i. I 2023 reiste rettskavarane ConocoPhillips Skandinavia og Repsol Norge søksmål mot Petoro og staten ved Energidepartementet for å få avklart kva delar av utvinningsløyve 120 som er omfatta av den auka statlege deltakinga. Sør-Rogaland tingrett avsa dom i saka i august 2024, der staten ved Energidepartementet og Petoro blei frikjende. Dommen er anka, og ankeforhandlingane er fastsett til oktober 2026.

Ei avklaring av eigartilhøva i Visundområdet vil kunne ha positiv betydning for ressursforvaltinga. Energidepartementet har difor gjennomført sonderingar med rettskavarane i utvinningsløyve 120 og har på denne bakgrunnen oppnådd semje om ei løysing for å harmonisere eigarstrukturen i Visundområdet. Løysinga inneber at staten kjøper seg opp til ein 30 pst. del i utvinningsløyve 120 og 120 CS, gjennom kjøp av forholdsmessige deltakardelar frå dei andre rettskavarane. Dette vil gi eit balansert eigarskap i Visundområdet slik at rettskavarane får like insentiv. Ei slik struktur legg til rette for betre ressursutnytting og auka verdiskaping frå området.

Energidepartementet har inngått sals- og kjøpsavtalar med Equinor Energy AS, ConocoPhillips Skandinavia AS og Repsol Norge AS om kjøp av deltakardelar i utvinningsløyve 120 og 120 CS. Avtalane omfattar høvesvis 5,864516 pst. frå Equinor, 3,9 pst. frå ConocoPhillips og 3,3 pst. frå Repsol. Utvinningsløyve 120 CS er eit tilgrensande løyve til utvinningsløyve 120 og har identiske deltakardelar. Det er avtalt eit samla vederlag på 170 mill. kroner etter skatt. I tillegg er det rekna renter frå effektiv dato 1. januar 2025 til tidspunktet for oppgjør på om lag 8 mill. kroner. Avtalane er inngått med atterhald om Stortinget si godkjenning. Petoro har ytt bistand til Energidepartementet i verdsetjingsprosessen.

Dei auka statlege delane i utvinningsløyva 120 og 120 CS vil, på same måte som dei eksisterande delane staten har i desse løyva, inngå i SDØE-ordninga med Petoro som forvaltar og rettskavar. Overdragingane kan medføre enkelte eingongs-kostnader for Petoro, til dømes knytt til eksterne juridiske tenester og andre utgifter i samband med gjennomføringa. På same måte som ved tidlegare transaksjonar, er det lagt opp til at Petoro belastar SDØE-budsjettet for transaksjonsrelaterte eingongsutgifter.

Vederlaget og dei budsjettmessige konsekvensane av overdraginga blir dekte under kontantstraumen til SDØE, jf. kap. 2440/5440. Ved gjennomføring av transaksjonane vil det òg bli gjort justeringar for kontantstraumane i perioden mellom effektiv dato 1. januar 2025 og tidspunktet for slutføring av overdragingane i 2025. Desse kontantstraumane omfattar mellom anna seljarane sine inn- og utbetalingar og blir omtala som eit «pro et contra»-oppgjer. Netto utbetaling knytt til dette oppgjeret er anslått til om lag 2 mill. kroner.

Ettersom gjennomføringsdatoen ligg nær eitt år etter effektiv dato, vil utbetalinga frå staten, som blir belasta SDØE under kap. 2440, post 31 Kjøp av deltakardelar, vere noko høgare enn det avtalte vederlaget med tillegg av renter og pro et contra-oppgjer. Kontantstraumane for 2025 som inngår i pro et contra-oppgjeret, er ikkje endeleg kjende på noverande tidspunkt. Rentejusteringane av vederlaga og kontantstraumane fram til oppgjersdato er førebelse estimat. Dette inneber at samla løyvingsbehov og tidspunkt for gjennomføring av transaksjonane ikkje er kjende på førehand.

Det blir difor gjort framlegg om å auke løyvinga med 180 mill. kroner under kap. 2440, post 31 Kjøp av deltakardelar, til -1 866,4 mill. kroner. Etterfølgjande avrekning og endeleg pro et contra-oppgjer vil skje i 2026, og budsjettkonsekvensane vil bli innarbeidde i revidert budsjett for 2026 til våren.

Statleg eigarskap i sentral gassinfrastruktur

Hovudmålet i petroleumspolitikken er å leggje til rette for lønnsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. For å nå målet er eit samordna, heilstatleg eigarskap for den sentrale gassinfrastrukturen vurdert å vere mest hensiktsmessig, seinast ved utløp av konsesjonstida. Dette fordi det legg best til rette for effektiv bruk og rasjonell vidareutvikling av systemet, jf. Energidepartementet sin Prop. 1 S (2024–2025), omtale av kjøp av eigendelar i gasstransportssystemet i Prop. 27 S (2024–2025) *Endringar i statsbudsjettet 2024 under Nærings- og fiskeridepartementet* og Energidepartementet sin Prop. 1 S (2025–2026).

I etterkant av Stortinget si handsaming av Prop. 27 S (2024–2025), jf. Innst. 102 S (2024–2025), blei ei rekkje transaksjonar gjennomført. Staten sitt tilbod blei ikkje akseptert av alle selskapa i interessentskapa Nyhamna og Polarled. Som følgje av dette blei også Equinor sittande igjen med ein mindre eigarpost i desse i interessentskapa. Staten har i dag 100 pst. eigarskap i Gassled, 90 pst. i Polarled og 81,3 pst. i Nyhamna. Målet er framleis å oppnå heilstatleg eigarskap av infrastrukturen i interessentskapa Polarled og Nyhamna. Dette vil seinast skje ved konsesjonstida sitt utløp, det vil seie i 2041 for desse to anlegga.

På initiativ frå ein av dei attverande retts-havarane har Energidepartementet hatt sonderingar om ei mogleg løysing der staten byter ein SDØE-del i eit utvinningsløyve mot rettshavaren sin eigardel i gassinfrastruktur. Stortinget har gitt fullmakt til at Nærings- og fiskeridepartementet kan godkjenne overdraging (sal, kjøp eller byte) av deltakardelar for Petoro, som forvaltar av SDØE, der ein reknar med at ressursane i deltakardelane som blir overdrege på tidspunktet for overdraginga er mindre enn 3 mill. Sm³ olje-ekvivalentar, jf. Nærings- og fiskeridepartementet sin Prop. 1 S (2024–2025), vedtak XXIII. Det blir lagt til grunn same metodikk for verdsetjing av gassinfrastruktur som for transaksjonane som blei gjennomført i 2024.

Med grunnlag i denne fullmakta vil Energidepartementet arbeide vidare for å sjå om det er grunnlag for å oppnå semje om ein verdinøytral bytehandel av delar.

Equinor beheldt ein 5 pst. eigardel i Nyhamna og Polarled etter transaksjonane hausten 2024. Det blei samstundes inngått ein avtale mellom

staten og Equinor som gir staten rett til å kjøpe, og Equinor rett til å selje til staten, desse eigardelane når Equinor er siste attverande private eigar i dei to i interessentskapa. Det vil seie at dersom staten overtek dei andre eigardelane i desse anlegga, vil staten inngå avtale om å kjøpe Equinor sin attverande eigardel slik at ein oppnår heilstatleg eigarskap. For berekning av vederlag vil det nyttast same metodikk som låg til grunn for transaksjonane som blei gjennomført i 2024. Ein slik avtale om kjøp vil bli inngått med atterhald om Stortinget sitt samtykkje, på same måte som i 2024.

Dersom ein oppnår semje om ein bytehandel av eigardel som nemnt ovanfor, vil staten kjøpe Equinor sin attverande eigardel på 5 pst. i Polarled slik at ein oppnår 100 pst. statleg eigarskap i Polarled. Energidepartementet vurderer det som høgst usikkert om transaksjonen vil skje i 2025, og gjer difor ikkje framlegg om å endre løyvinga på posten. Dersom det likevel let seg gjere å gjennomføre transaksjonen i 2025, meiner departementet at dette vil vere ønskjeleg. Det gjerast difor framlegg om ei fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 2440, post 31, jf. forslag til vedtak VII, 1. Storleiksorden for vederlaget er 100–150 mill. kroner etter skatt.

Ved en transaksjon vil staten også kompensere for noverdi av attverande avskrivningar (skattebalansar) i petroleumsskatteregimet knytt til eigardelane, og det vil bli gjennomført et Pro et Contra-oppgjer for kontantstraumar mellom effektiv dato og slutføring.

Vederlag og pro et contra-oppgjeret vil på same måte som for transaksjonane som ble gjennomført i 2024 bli utgiftsført netto under kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar, jf. forslag til vedtak VII, 1.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om fullmakt til å kjøpe Equinor sin attverande eigardel på 5 pst. i Polarled. Avtale blir inngått med atterhald om at bytehandel som nemnt over gjennomførast.

Transaksjon kan medføre enkelte eingongskostnader for Petoro, til dømes knytt til eksterne juridiske utgifter mv. i samband med transaksjonane. Som for transaksjonane som blei gjennomført i 2024, blir det lagt opp til at Petoro kan belaste SDØE for slike transaksjonsrelaterte eingongskostnader som følgje av overtaking av eigardelar i interessentskap mv., jf. forslag til vedtak VII, 2.

3 Omtale av forslag til inntektsendringar

Kap. 3900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 03 Inntekter frå forvaltning av grunneigedom på Svalbard

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner, til 11,9 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke under kap. 900, post 26.

Endringa kjem av ei forventta meirinntekt som følgje av betre kontroll med bruken av grunn på Svalbard og fakturering av eit auka tal leigeforhold.

Kap. 3903 Norsk akkreditering

Post 01 Gebyrinntekter og andre inntekter

Avgrensa tilgang på interne ressursar gjer at Norsk akkreditering vil ha noko færre inntekts-gjevande oppdrag i 2025 enn etaten elles ville hatt. Etaten har hatt nye sakshandsamarar som treng opplæring før dei fullt ut kan utføre gebyrbelagt verksemd. Det inneber at ein må kjøpe dyrare tenester til å utføre akkrediteringsoppdrag – i den grad dei er tilgjengelege – enn om dei hadde blitt utført av etaten sine egne tilsette. Det medfører lågare inntekter enn Norsk akkreditering ville hatt i ein meir normal situasjon.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 57,7 mill. kroner.

Kap. 3904 Brønnøysundregistra

Post 01 Gebyrinntekter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 45,5 mill. kroner, til 690,1 mill. kroner. Nye prognosar frå Brønnøysundregistra tilseier gebyrinntekter for 2025 på 690,1 mill. kroner. Aukinga kjem av at det er venta fleire registreringar, med tilhøyrande gebyrinntekter, i Einingsregisteret, Føretaksregisteret og Lausøyreregisteret.

Post 02 Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 8,2 mill. kroner, til 44,1 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke under kap. 904, post 01. Endringa kjem av ei forventta meirinntekt som følgje av fakturering av utviklingsarbeid i Våpenregisteret, finansiert av Politidirektoratet på Justis- og beredskapsdepartementet sitt budsjettområde.

Kap. 3906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post 02 Handsamingsgebyr

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 200 000 kroner, til 1,3 mill. kroner. Mindreinntekta kjem som følgje av lågare aktivitet enn venta.

Post 86 Straffgebyr og tvangsmulkt

Direktoratet sine prognosar tilseier at innbetalingane vil bli noko lågare i 2025 enn budsjettet. På dette grunnlag gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 200 000 kroner, til 800 000 kroner.

Kap. 3907 Norsk nukleær dekommisjonering

Post 02 (ny) Ymse inntekter

Etter at Norsk nukleær dekommisjonering har overteke atomanlegget i Halden, har etaten inntekter frå drift av eiga kantine. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å løyve 300 000 kroner på posten.

Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet

Post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere gebyrinntektene med 9,3 mill. kroner. Årsaka er færre nybygg som søkast registrert og at allereie påbyrja byggeprosjekt har vore utsette. Trass i dette har direktoratet framleis måtte bruke ressursar knytt til sakshandsaming, irekna til ny teknologi.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 9,3 mill. kroner, til 251,4 mill. kroner.

Post 02 Maritime personellsertifikat

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner, til 27,7 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av driftutgiftene under kap. 910, post 01, jf. omtale under kap. 910.

Post 04 Gebyr for skip i NIS

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer departementet framlegg om å auke gebyrinntektene med 6,7 mill. kroner, til 78,7 mill. kroner. Auka er knytt til førstegangsgebyr og årsgebyr.

Post 86 Straffegebyr og tvangsmulkt

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner, til 7,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 910, post 01, jf. omtale under kap. 910.

Kap. 3911 Konkurransetilsynet*Post 03 Refusjonar og andre inntekter*

Inntektene gjeld eksterne refusjonar for kurs og konferansar. Anslagsendringa gjeld eit lågare tal på deltakarar til Konkurransetilsynets årlege fagkonferanse enn venta. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 50 000 kroner, til 167 000 kroner.

Kap. 3912 Klagenemndssekretariatet*Post 01 Klagegebyr*

Inntektene gjeld klagegebyr på rådgjevande anskaffingssaker og ulovlege direkte anskaffingar behandla av Klagenemnda for offentlege anskaffingar. Ved utgangen av august var det innbetalt om lag 0,7 mill. kroner i klagegebyr. Det er sannsynleg at det vil kome fleire innbetalningar i løpet av hausten. Samansetninga mellom rådgjevande klagesaker og ulovlege direkte anskaffingar gjer det vanskeleg å estimere nøyaktig kor mykje som vil bli innbetalt i klagegebyr. Prognosen er difor usikker.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 385 000 kroner, til 1,1 mill. kroner.

Post 02 Refusjonar og andre inntekter

Inntektene gjeld refusjonar for KOFA-konferansen i 2025. Påmeldingsavgiftene, og dermed estimerte inntekter, er auka i forhold til Saldert budsjett.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 533 000 kroner, til 750 000 kroner.

Post 87 Lovbrotsgebyr

Inntektene gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er pålagt brotsgebyr. Det var innbetalt 1,2 mill. kroner ved utgangen av august. Det er sannsynleg at det vil kome fleire innbetalningar i løpet av året.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 3,1 mill. kroner, til 3,2 mill. kroner.

Kap. 3917 Fiskeridirektoratet*Post 05 Sakshandsamingsgebyr*

Gebyrinntektene er ein funksjon av behandla saker og varierer frå år til år i tråd med mottatte saker til handsaming innanfor dei ulike områdene. Det er venta ei samla inntekt på 33,6 mill. kroner på posten i 2025, som er lågare enn budsettert. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 8 mill. kroner, til 33,6 mill. kroner.

Post 13 Inntekter frå sal av løyve til oppdrett

Posten gjeld inntekter frå sal av oppdrettsløyve til havbruksverksemd. Inntektene skal delast mellom staten, og kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd. Den kommunale delen av inntektene utgjer 55 pst. Ein viser òg til omtale under kap. 919, post 60.

I revidert budsjett blei løyvinga oppdatert i samsvar med inntekter frå sal av nye oppdrettsløyve. Prisen for nokre av desse nye oppdrettsløyva blei ved ein feil satt for høgt. Dette gjer at om lag 10,4 mill. kroner blei tilbakebetalt for å rette opp denne feilen. Samstundes har det blei seld nye oppdrettsløyve som har gitt inntekter på om lag 500 000 kroner.

Som følge av dette gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 9,9 mill. kroner, til 55,2 mill. kroner.

Post 86 Forvaltningssanksjonar

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner, til 3 mill. kroner.

Inntekter på denne posten gjeld tvangsmulkt og lovbrotsgebyr for fiskeria og havbruksnæringa. Prognosane tilseier ei mindreinntekt ved slutten av året.

Kap. 3935 Patentstyret*Post 01 Inntekter av informasjonstenester*

Prognosen frå Patentstyret tilseier at inntektsløyvinga er lågare enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2025. Dette skyldast ein generell nedgang i etterspurnaden etter forundersøkingar på områda varemerke og patent. Trenden syner ein jamn nedgang i omsetjing dei siste fire-fem åra. For å møte denne utviklinga har etaten satt i gang eit prosjekt med mål om å auke kjennskapen hos norske brukargrupper for desse typar tenester.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,2 mill. kroner, til 4 mill. kroner.

Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap*Post 90 Avdrag på lån*

I samband med restrukturering av Norwegian Air Shuttle (NAS) i mai 2021 gav staten to lån til selskapet, eit obligasjonslån på i overkant av 2,4 mrd. kroner og eit hybridlån på i overkant av 1,2 mrd. kroner. Låna kom til erstatning for ein garanti som staten hadde gitt selskapet i 2020 som følgje av koronapandemien, jf. nærare omtale i Prop. 27 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Nærings- og fiskeridepartementet*. Stortinget har for 2025 gitt Nærings- og fiskeridepartementet fullmakt til å redusere deltakinga i hybrid- og obligasjonslåna heilt eller delvis. 12. mai 2025 inngjekk departementet ein avtale med NAS om sal av 50 pst. av staten sine delar i hybridlånet. Delane som blei selt, hadde pålydande 615,8 mill. kroner, mens salssummen blei på 862,4 mill. kroner, som resulterte i ein gevinst på over 40 pst. Resterande 50 pst. av staten sine delar i hybridlånet blei samtidig konvertert til aksjar i NAS til ein kurs på 9,39 kroner per aksje, og staten blei eigar av 6,26 pst. av aksjane i selskapet. Aksjane blei deretter selt i sin heilskap i marknaden etter børsslutt 3. juni 2025 til ein kurs på 13,60 kroner per aksje, som gav staten 891,9 mill. kroner i samla salsvederlag og en gevinst på om lag 45 pst. Staten har totalt mottatt 1 754,3 mill. kroner for sine delar i hybridlånet.

Nærings- og fiskeridepartementet har i samråd med Finansdepartementet kome til at det med utgangspunkt i salsfullmakta vil vere mest korrekt å sjå oppgjeret av hybridlånet som ein samanhengande transaksjon og budsjettere begge innbetalingane knytt til lånet som avdrag på lån. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om auke løyvinga med 1,75 mrd. kroner, til 2,97 mrd. kroner.

Post 96 Sal av aksjar

Fleire av dei børsnoterte selskapa har tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine egne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. For desse tilfella er det etablert eit avtaleverk som inneber innløyising og sletting av eit slikt tal aksjar frå staten at staten sin eigardel i selskapet ikkje vert endra som følgje av tilbakekjøpsprogrammet.

Staten får eit vederlag for sletting av staten sine aksjar som svarar til det volumvekta gjennomsnittet av kursen selskapet har betalt for aksjane, pluss ein rentekompensasjon og justert for eventuelle utbytte. Så langt i 2025 utgjør vederlaga som staten har fått for sletting av staten sine aksjar 1 757,2 mill. kroner eksklusiv vederlag for sletting av staten sine aksjar i Equinor ASA, jf. kap. 3955, post 96. Desse er fordelt på 1 071,4 mill. kroner frå DNB Bank ASA og 685,8 mill. kroner frå Norsk Hydro ASA.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 1,76 mrd. kroner, til 3,47 mrd. kroner.

Kap. 3951 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS*Post 90 Avdrag*

I Saldert budsjett 2025 er avdraga på Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS sine lån anslått til 19,9 mill. kroner. Lån til Store Norske i samsvar med låneavtale inngått den 15. oktober 2024, jf. Prop. 104 S og Innst. 447 S (2023–2024), inneber at avdraga blir 2,4 mill. kroner høgare enn tidlegare lagt til grunn. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner, til 22,3 mill. kroner.

Kap. 3952 Investinor AS*Post 50 (ny) Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond m.m.*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å føre tilbake 12,5 mill. kroner frå pre-så Kornordninga i Investinor, jf. omtale under kap. 952, post 50.

Investinor har òg hatt eit overskot frå midlar knytt til ordninga med så Kornfond. Midlar knytt til ordninga blir plassert i eit rentefond forvalta av Investinor. Dette har gitt om lag 30,8 mill. kroner som kan utbetalast frå Investinor. Det har ikkje vore budsjettert med dette tidlegare i budsjettet for 2025.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å løye til saman 43,3 mill. kroner.

Post 90 Tilbakeført kapital, såkorn- og koinvesteringsfond

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å føre tilbake midlar frå ulike ordningar i Investinor kor det framleis er uteståande investeringskapital ført som lån i statsrekneskapen. Dette gjeld 36 mill. kroner frå såkornfonda oppretta etter 2014 og 19,4 mill. kroner frå Koinvesteringsfondet for Nord-Noreg. Tilbakebetalingane frå desse fonda kjem frå realiseringar i ulike fond og er avdrag på lån, renter, utbyter og realiseringar.

Under handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2025 blei det løyvd midlar for å gjere opp dei siste fonda som blei oppretta i periode 2006–2008 (bølje II). Dei ulike midla løyvd til desse fonda har vore plassert på ulike tapsfond og lånekontorar forvalta av Investinor og departementet. For å avstemme dei samla løyvingane og innbetalingane og endeleg avvikle låna til bølje II må tilbakeføring av lånekapital aukast ytterlegare. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke tilbakeføringa frå bølje II med 348,3 mill. kroner, til 484,3 mill. kroner.

Samla gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 403,7 mill. kroner, til 539,7 mill. kroner.

Post 91 (ny) Tilbakeført kapital, Investeringsfond for Nordvest-Russland og Aust-Europa

Under handsaminga av endringer i Statsbudsjettet for 2024 fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget samtykker i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2024 kan legge ansvaret for avviklinga av Investeringsfondet for Nordvest-Russland og Aust-Europa til Investinor AS.»

Fondet stammar frå dei to fonda Investeringsfond for Nordvest-Russland og Investeringsfond for Aust-Europa som blei oppretta i 1996 og 1997 av Utanriksdepartementet. Samla blei det løyvd 270 mill. kroner i investeringskapital til dei to fonda. I tillegg til investeringar skal fondet dekkje fondet sine forvaltingskostnader. Fondet blei opphavleg forvalta av Innovasjon Noreg, før forvaltingsoppdraget blei utlyst til ein privat forvaltar, jf. Dokument 8:103 S (2015–2016) og Innst. 58 S (2016–2017). Fondet har hatt svake resultat og blei vedteke avvikla ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. omtale i Prop. 118 S (2022–

2023). Investinor har no fullført oppdraget ved å avhende selskapa i fondet sin portefølje og avvikla fondet. Eigardelane i to av selskapa som frå tidlegare var sameigde mellom investeringsfondet og andre fond Investinor forvaltar, blei avhenda til dei respektive fonda under Investinor. Resterande selskap blei selt til andre investorar. Som følgje av dette kan no 123 mill. kroner tilbakeførast til staten.

I tilknytning til avhendingane i ulike selskap er det fordringar og vilkår som både kan medføre at det blir meir tilgjengelege midlar for utbetaling til staten eller krav om kompensasjon dersom visse vilkår inntreff. Dersom det kjem tilleggsutbetalningar til fondet, kan dette utløyse tilleggshonorar til tidlegare forvaltar og Investinor. Investinor vil i så fall oppfylle honorarforpliktinga før resterande midlar blir tilbakeført til staten. Når det gjeld eventuelle krav om kompensasjon, er det rimeleg at staten gjer Investinor i stand til å handtere desse ettersom avviklinga er skjedd på oppdrag frå staten. Dette kan enten bli gjort ved at deler av fondet blir halde tilbake i Investinor, eller at staten gir ei erklæring om at Investinor vil bli kompensert for handsaminga av eventuelle slike krav i framtida. Departementet gjer framlegg om det siste og viser til forslag om vedtak IV. Dette tilseier at 123 mill. kroner frå fondet blir ført tilbake til staten i 2025, og at fondet gjerast opp i statsrekneskapen. Eventuelle ytterlegare inn- eller utbetalningar vil då bli handtert gjennom dei ordinære budsjetttrundane.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om ei løyving på 123 mill. kroner.

Kap. 3955 Equinor ASA

Post 96 (ny) Sal av aksjar

Ein viser til omtale under kap. 3950, post 96 om at børsnoterte selskap kan ha tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine egne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. Så langt i 2025 utgjør vederlaget som staten har fått for sletting av sine aksjar i Equinor ASA om lag 42,7 mrd. kroner. Staten sin eigardel i selskapet er vidareført med 67 pst.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om ei løyving på 42,73 mrd. kroner.

Kap. 5325 Innovasjon Noreg

Post 53 Tilbakeføring av unytta tiltakspakkemidlar

Innovasjon Norge fekk i 2021 utbetalt 10,5 mill. kroner til å dekkje forvaltingskostnader for ord-

ninga Stønad til store publikumsopne arrangement. Av desse midlane er 5,3 mill. kroner unytta. Det har ikkje påkome kostnader knytt til dette oppdraget hittil i 2025, og oppdraget blir sett på som ferdig.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 5,3 mill. kroner, til 79,2 mill. kroner.

Post 90 Avdrag på utestående fordringar

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for lån under kap. 2421, post 90. Som følge av lågare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2025 er det behov for å redusere løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,4 mrd. kroner, til 62,7 mrd. kroner.

Kap. 5329 Eksportkredittordninga

Post 70 Gebyr m.m.

I Saldert budsjett 2025 blei det løyvd 30 mill. kroner. Inntektene består av ulike gebyr som blir avtalt i samband med utarbeidinga av lånekontrakten. Nytt anslag for gebyr er 25 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 25 mill. kroner.

Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet

Post 74 Fiskeriforskningsavgift

Fiskeriforskningsavgifta med tilhøyrande utgiftspostar bereknast som 1,35 pst. av førstehandsverdien av villfanga fisk. Eit oppdatert anslag tilseier at inntektene frå avgifta blir 440 mill. kroner i 2025. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 56,6 mill. kroner, til 440 mill. kroner.

Inntektene frå fiskeriforskningsavgifta mot-svarast av løyvingar på tre utgiftspostar. Ein viser til omtale under kap. 917, post 22, kap. 919, post 76 og kap. 923, post 22.

Post 76 Kontrollavgift fiskeflåten

Avgifta blir trekke av fiskesalslaga i samband med førstehandsomsetning av fangst og blir videre-

formidla til Fiskeridirektoratet terminvis. Prognose for fangstverdi er auka sidan fastsetting av Saldert budsjett, og ein anslår no ei samla innbetaling på posten i 2025 på om lag 58 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 8 mill. kroner, til 58 mill. kroner.

Kap. 5612 Renter frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Post 80 Renter

I Saldert budsjett 2025 blei renteinnbetalingane anslått til 33,2 mill. kroner. Lån til Store Norske i samsvar med låneavtale inngått den 15. oktober 2024, jf. Prop. 104 S og Innst. 447 S (2023–2024), inneber at renta aukar med 8 mill. kroner i 2025. Departementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga med 8 mill. kroner, til 41,2 mill. kroner. Ein viser til omtale under kap. 3951, post 90.

Kap. 5613 Renter frå Siva SF

Post 80 Renter

Siva kan ta opp lån i statskassa med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid, innanfor ei låneramme på 700 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner, til 13,5 mill. kroner. Auken har hovudsakleg samanheng med at Siva våren 2025 tok opp eit nytt lån knytt til eit statspapir med låg rente og difor måtte betale eit betydeleg beløp i underkurs.

Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg

Post 80 Renter på lån frå statskassa

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og ein rentesats som svarer til renta på statspapir med tilsvarende løpetid, for å finansiere si utlånsverksemd. Renteinnbetalingane har vore noko lågare enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2025. Dette skuldast mellom anna lågare rentesatsar enn budsjetttert, færre nye innlån, færre avdrag og dermed færre renteforfall.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 85 mill. kroner, til 665 mill. kroner.

Kap. 5626 Renter av lån til Institutt for energiteknikk*Post 80 Renter*

Det er inngått avtale mellom staten og Institutt for energiteknikk om lån for å finansiere flytting av laboratorier og infrastruktur ut av det konsejssjonsbelagte området på Kjeller, jf. omtale under kap. 908, post 72. Lågare utbetaling av lån i 2025 enn det som blei lagt til grunn for Saldert budsjett, gjer at anslåtte renteinntekter blir lågare. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner, til 1,6 mill. kroner.

Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga*Post 80 Renter*

I Saldert budsjett for 2025 er det løyvd 1 040 mill. kroner i renter frå lån under eksportkredittordninga. På grunn av redusert prognose for utlån i 2025 og lågare lånevolum blir det lågare renteinntekter. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 40 mill. kroner, til 1 000 mill. kroner.

Kap. 5656 Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting*Post 85 Utbyte*

Ved handsaminga av Prop. 146 S og Innst. 540 S (2024–2025) blei løyvinga satt til 28 780,2 mill. kroner. Nye tal viser at utbyte frå selskapa vil bli 181,1 mill. kroner høgare. Utbyte frå Akastor ASA, Argentum AS og Mesta AS blei høvesvis 11,6, 80 og 94 mill. kroner høgare, medan utbyttet frå Baneservice AS blei 4,5 mill. kroner lågare.

Samla gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 181,1 mill. kroner, til 28 961,3 mill. kroner.

Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA*Post 85 Utbyte*

Ved handsaminga av Prop. 146 S og Innst. 540 S (2024–2025) blei løyvinga satt til 37,78 mrd. kroner. Anslaget er oppdatert med siste vekslingskurs mot amerikanske dollar på 10,05 kroner per dollar. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,15 mrd. kroner, til 34,62 mrd. kroner.

4 Andre saker**Sal av forvaltingsverksemda i Argentum Fondsinvesteringer AS**

Argentum Fondsinvesteringer AS («Argentum») blei etablert i 2001 for å bidra til risikokapital til norsk næringsliv og ein velfungerande marknad for unoterte selskap i Noreg gjennom investeringar i private equity-fond. Argentum har oppfylt målet med å bidra til oppbygginga av ein velfungerande private equity-industri i Noreg. I tillegg har selskapet bidratt med store verdier gjennom utbyter på totalt 8,5 mrd. kroner til fellesskapet.

Argentum er ein kapitalforvaltar med 29 tilsette og hovudkontor i Bergen og har vore 100 pst. eigd av staten sidan oppstarten. Argentum forvaltar kapital for staten (16,3 mrd. kroner) og for private investorar (5,3 mrd. kroner). Staten har sidan 2009 ikkje tilført kapital og selskapet har dei siste åra vektlagt å utvide forvaltinga av kapital retta mot eksterne private investorar gjennom suksessfull innhenting av kapital til nye fond.

Fordi Argentum opererer i ein konkurranseutsett private equity-marknad som fungerer godt og at Argentum har oppfylt si rolle med å bidra til oppbygginga av ein velfungerande private equity-industri i Noreg, har Nærings- og fiskeridepartementet konkludert med at den beste løysinga for selskapet og staten er at Argentum sel forvaltingsverksemda samtidig som statens investeringsportefølje ikkje gjer fleire nyinvesteringar. Statens kapital vil då over tid bli tilbakebetalt til staten som utbyter etter kvart som dei underliggjande fonda blir realiserte. Kapitalen som Argentum forvaltar for staten, forventast tilbakebetalt over dei neste sju til ti åra. Eit sal av forvaltingsverksemda til ein privat aktør er forventa å bidra til å føre vidare forvaltingsverksemdas vekststrategi i den private marknaden.

Departementet har, saman med styret i Argentum og med bistand frå finansiell og juridisk rådgjevar, gjennomført ein strukturert salsprosess der Argentum sel forvaltingsverksemda samtidig som ein inngår ein forvaltingsavtale mellom Argentum og kjøper som regulerer vidare forvalting av statens kapital i ein avviklingsperiode over sju år. Forvaltingsverksemda består av dotterselskapa Argentum Asset Management AS, Argentum Business Management AS og Argentum Alternative Investments AS. Målet med salet har vore høgast mogeleg pris etter fråtrekk for forvaltingskostnadar samtidig som omsynet til dei tilsette og forvalting av statens kapital skal ivaretakast.

For å nå eit breitt og representativt spekter av interessentar og marknadsmessig pris, blei både direkte konkurrentar, bankar, private equity-selskap og private eigarmiljø (family offices) i Norge og Norden invitert inn i salsprosessen. Argentum tok imot fleire bindande og konkurransedyktige bod. Til slutt blei EGD Holding AS (EGD Holding) sitt bindande bod på 225 mill. kroner vurdert som best for å oppnå målet med salet. EGD Holding hadde det høgaste bindande bodet og vurderast som ein god og robust framtidig forvaltar av statens kapital saman med forvaltingsverksemda.

Argentum er ei kompetanseverksemd. Med salet av forvaltingsverksemda til EGD Holding er det vektlagt at verdien av oppbygd kompetanse vil overførast til staten gjennom salsprovenyet, samtidig som organisasjonen opprettheld ein framleis profesjonell og forsvarleg ivaretaking av statens investeringsportefølje. Forvaltingsverksemda har betydeleg kunnskap om porteføljen, strukturen til den og oppbygging. Porteføljen er samansett av om lag 250 private equity-fond og om lag 1 500 underliggjande selskap strukturert gjennom eit mangfald av mellomliggjande investeringsstrukturar. Sjølv om det aktive investeringsarbeidet avsluttast for statens kapital gjennom salet av forvaltingsverksemda, er dette betydelege investeringar som skal forvaltaast forsvarleg over fleire år, og det skal treffast investeringsrelaterte avgjersler undervegs. Departementet vurderer det som ein klar fordel at forvaltinga og oppfølginga av porteføljen vil gjerast av dei som har bygd den opp over mange år.

Styret i Argentum har vurdert tilbodet frå EGD Holding som marknadsmessig og tilrår å akseptere tilbodet. I si vurdering har styret mellom anna lagt vekt på at prisen reflekterer 25 gonger driftsresultat for 2024, noko som etter styrets vurdering er rimeleg («fair») frå eit finansielt perspektiv. Styret vurderer òg at EGD Holding, saman med organisasjonen i forvaltingsverksemda, vil vere ein god og robust forvaltar av statens kapital.

Finansiell rådgjevar Pareto Securities AS har vore departementet sin rådgjevar i salsprosessen og vurderer bodet frå EGD Holding som «fair» og marknadsmessig frå eit finansielt perspektiv.

Salet av Argentums forvaltingsverksemd (datterselskapa Argentum Asset Management AS, Argentum Business Management AS og Argentum Alternative Investments AS) og nedbygginga av statens investerte kapital inneber i praksis ei avvikling av Argentums verksemd over tid. Nærings- og fiskeridepartementet har mel-

lom anna på denne bakgrunn vurdert at ein slik transaksjon bør leggjast fram for Stortinget.

Transaksjonen er avhengig av godkjenningar frå Konkurransetilsynet og Finanstilsynet. Det er venta slike avklaringar innan utgangen av 2025

Eit sal vil gi eit brutto salsvederlag på 225 mill. kroner til Argentum. Det er venta at provenyet blir brukt til utbyter til staten, nedbetaling av gjeld og generelle selskapsføremål. Det er i forvaltingsavtalen avtalt at staten, i avtaleperioden på sju år, ikkje skal selje eller overføre eigarskapet i Argentum anna enn mellom departement.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om ei fullmakt om tilslutning til sal ved at Argentum Fondsinvesteringer as sel aksjane i datterselskapa som utgjer forvaltingsverksemda, og at selskapet avsluttar sin aktive investeringsaktivitet og avviklar investeringsporteføljen over tid, jf. forslag til vedtak V.

Innskoten kapital i Statkraft SF

Det er ein differanse på 4 189,0 mill. kroner mellom innskoten eigenkapital i Statkraft SF sin balanse og det som er ført i kapitalrekneskapen. Dette skuldast disposisjonar i 2010 då eit kapitalinnskott på 14 mrd. kroner til føretaket delvis blei finansiert gjennom ei reversering av tidlegare motteke utbyte frå føretaket, jf. omtale i Prop. 24 S (2010–2011) *Endringer i statsbudsjettet for 2010 under Nærings- og handelsdepartementet*. Dette innebar at løyvinga på kap. 5656 Aksjar i selskap under dåverande Nærings- og handelsdepartementet (NHD) si forvalting, post 85 Utbyte blei redusert med 4 189 mill. kroner.

Det tilbakeførte utbytebeløpet blei i Statkraft SF sin rekneskap handsama som ein auke av eigenkapitalen, og det totale beløpet på 14 mrd. kroner blei difor formelt meldt inn som kapitalauke til Føretaksregisteret, i samsvar med protokollen frå det ekstraordinære føretaksmøtet i desember 2010.

I kapitalrekneskapen blei 9 811 mill. kroner aktivert som kapitalinnskott, altså den delen av kapitalinnskottet som var løyvd på ein 90-post (formuesomplassering). Dette er i tråd med dei ordinære aktiveringsreglane for statsrekneskapen. Det blei i samband med Prop. 24 S (2010–2011) ikkje fremma nokon romartalsfullmakt om aktivering av den del av kapitalinnskottet som var finansiert gjennom redusert løyving av tidlegare motteke utbyte.

Nærings- og fiskeridepartementet har no i samråd med Finansdepartementet kome til at det kan vere føremålstenleg å endre kapitalrekne-

skapen slik at den samsvarar med eigenkapitalen i Statkraft SF og historisk kost av *innskoten kapital*.

Per 31. desember 2024 er innskoten eigenkapital i Statkraft SF bokført med 48 250 mill. kroner, medan kapitalrekneskapen syner 44 061 mill. kroner. Differansen på 4 189 mill. kroner svarer til reverseringa av motteke utbytte i 2010.

Departementet gjer på dette grunnlaget framlegg om å kunne auke oppført kapital i Statskraft i kapitalrekneskapen i samband med utarbeidinga av statsrekneskapen for 2025, ved å korrigere

kapitalen med 4 189,0 mill. kroner mot konto for forskyving i balansen, jf. forslag til vedtak VI.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2025 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2025 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2025 under Nærings- og fiskeridepartementet

I

I statsbudsjettet for 2025 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 539 588 000 til kr 540 648 000	1 060 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 64 720 000 til kr 67 720 000	3 000 000
	25	Drift og forvaltning av kompensasjonsordningar, blir redusert med frå kr 11 800 000 til kr 8 300 000	3 500 000
	26	Forvaltning av grunneigedom på Svalbard, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 10 772 000 til kr 11 772 000	1 000 000
	71	Miljøtiltak Raufoss, blir redusert med frå kr 7 600 000 til kr 4 200 000	3 400 000
(NY)	80	Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft, blir løyvd med	1 200 000
(NY)	85	Mellombels kompensasjonsordning for føretak med stort omsetningsfall som følge av koronapandemien, <i>overslagsløyving</i> , blir løyvd med	1 300 000
904		Brønnøysundregistra:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 556 213 000 til kr 564 413 000	8 200 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 193 800 000 til kr 134 100 000	59 700 000
906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard:	
	31	Miljøtiltak Løkken, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 11 200 000 til kr 9 200 000	2 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	32	Miljøtiltak Folldal, <i>kan overføres</i> , blir redusert med	7 700 000
		frå kr 18 101 000 til kr 10 401 000	
907		Norsk nukleær dekommisjonering:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	17 000 000
		frå kr 327 173 000 til kr 310 173 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med	40 000 000
		frå kr 410 670 000 til kr 370 670 000	
	30	Opprydding Søve, <i>kan overføres</i> , blir redusert med	35 000 000
		frå kr 51 000 000 til kr 16 000 000	
	60	Tilskot til kommunar, blir redusert med	1 400 000
		frå kr 7 100 000 til kr 5 700 000	
908		Institutt for energiteknikk:	
	71	Tilskot til sikring av atomanlegg, blir redusert med	31 900 000
		frå kr 90 531 000 til kr 58 631 000	
	72	Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur, blir redusert med	17 500 000
		frå kr 35 000 000 til kr 17 500 000	
909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk:	
	73	Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	90 000 000
		frå kr 2 459 000 000 til kr 2 549 000 000	
910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	4 100 000
		frå kr 526 366 000 til kr 530 466 000	
912		Klagenemndssekretariatet:	
(NY)	21	Spesielle driftsutgifter, blir løyvd med	13 400 000
915		Regelrådet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	700 000
		frå kr 10 609 000 til kr 11 309 000	
916		Kystverket:	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med	2 000 000
		frå kr 87 472 000 til kr 89 472 000	
917		Fiskeridirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	1 060 000
		frå kr 534 583 000 til kr 533 523 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	22	Fiskeriforsking og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 134 200 000 til kr 154 000 000	19 800 000
919		Ymse fiskeriføremål:	
	60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, blir redusert med..... frå kr 1 415 349 000 til kr 1 409 924 000	5 425 000
	74	Erstatningar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 896 000 til kr 5 896 000	4 000 000
	76	Tilskot til fiskeriforsking, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 7 600 000 til kr 8 700 000	1 100 000
920		Noregs forskingsråd:	
	70	Tilskot til næringsretta forking, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 1 012 770 000 til kr 1 015 670 000	2 900 000
922		Romverksemd:	
(NY)	51	Eigenkapital Andøya Space, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med frå kr 285 312 000 til kr 286 341 000	73 000 000
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir auka med..... frå kr 285 312 000 til kr 286 341 000	1 029 000
	71	Internasjonal romverksemd, blir auka med frå kr 468 109 000 til kr 469 283 000	1 174 000
	73	EU sine romprogram, blir auka med frå kr 601 699 000 til kr 605 999 000	4 300 000
(NY)	76	Tilskot Andøya Space, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med.....	26 500 000
923		Havforskinsinstituttet:	
	22	Fiskeriforsking og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 241 600 000 til kr 277 300 000	35 700 000
924		Internasjonale samarbeidsprogram:	
	70	Tilskot, blir auka med..... frå kr 360 500 000 til kr 364 300 000	3 800 000
950		Forvalting av statleg eigarskap:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 33 100 000 til kr 49 100 000	16 000 000
952		Investinor AS:	
(NY)	50	Risikokapital, blir løyvd med	12 500 000
	51	Tapsfond såkornkapital, blir redusert med frå kr 166 000 000 til kr 160 100 000	5 900 000
(NY)	95	Kapitalinnskot, blir løyvd med.....	23 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2421		Innovasjon Noreg:	
	50	Tilskot til etablerarar og verksemdar, inkl. tapsavsetjingar, blir redusert med frå kr 1 073 550 000 til kr 1 067 550 000	6 000 000
	70	Basiskostnader, blir auka med frå kr 183 000 000 til kr 322 600 000	139 600 000
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 65 300 000 000 til kr 61 900 000 000	3 400 000 000
2429		Eksportkredittordninga:	
	90	Utlån, blir redusert med frå kr 15 800 000 000 til kr 8 500 000 000	7 300 000 000
2440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:	
	30	Investeringar, blir auka med frå kr 35 000 000 000 til kr 35 300 000 000	300 000 000
	31	Kjøp av eigardelar, blir auka med frå kr -2 046 441 000 til kr -1 866 441 000	180 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	03	Inntekter frå forvalting av grunneigedom på Svalbard, blir auka med frå kr 10 877 000 til kr 11 877 000	1 000 000
3903		Norsk akkreditering:	
	01	Gebyrinntekter og andre inntekter, blir redusert med frå kr 59 691 000 til kr 57 691 000	2 000 000
3904		Brønnøysundregistera:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 644 614 000 til kr 690 114 000	45 500 000
	02	Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter, blir auka med frå kr 35 854 000 til kr 44 054 000	8 200 000
3906		Direktoratet for mineralforvalting med Bergmeisteren for Svalbard:	
	02	Handsamingsgebyr, blir redusert med frå kr 1 500 000 til kr 1 300 000	200 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	86	Straffegebyr og tvangsmulkt, blir redusert med frå kr 1 000 000 til kr 800 000	200 000
3907		Norsk nukleær dekommisjonering:	
(NY)	02	Ymse inntekter, blir løyvd med	300 000
3910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med..... frå kr 260 707 000 til kr 251 400 000	9 307 000
	02	Maritime personellsertifikat, blir auka med..... frå kr 26 303 000 til kr 27 700 000	1 397 000
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med	6 693 000
	86	Straffegebyr og tvangsmulkt, blir auka med..... frå kr 4 800 000 til kr 7 500 000	2 700 000
3911		Konkurransetilsynet:	
	03	Refusjonar og andre inntekter, blir redusert med	50 000
3912		Klagenemndssekretariatet:	
	01	Klagegebyr, blir auka med..... frå kr 715 000 til kr 1 100 000	385 000
	02	Refusjonar og andre inntekter, blir auka med	533 000
	87	Lovbrotsgebyr, blir auka med	3 100 000
3917		Fiskeridirektoratet:	
	05	Sakshandsamingsgebyr, blir redusert med	8 000 000
	13	Inntekter frå sal av løyve til oppdrett, blir redusert med	9 900 000
	86	Forvaltingssanksjonar, blir redusert med	1 000 000
3935		Patentstyret:	
	01	Inntekter av informasjonstenester, blir redusert med	1 228 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3950		Forvaltning av statleg eigarskap:	
	90	Avdrag på lån, blir auka med frå kr 1 214 000 000 til kr 2 968 300 000	1 754 300 000
	96	Sal av aksjar, blir auka med frå kr 1 712 800 000 til kr 3 470 000 000	1 757 200 000
3951		Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS:	
	90	Avdrag, blir auka med frå kr 19 900 000 til kr 22 300 000	2 400 000
3952		Investinor AS:	
(NY)	50	Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond m.m., blir løyvd med	43 300 000
	90	Tilbakeført kapital, såkorn- og koinvesteringsfond, blir auka med frå kr 136 000 000 til kr 539 700 000	403 700 000
(NY)	91	Tilbakeført kapital, Investeringsfond for Nordvest-Russland og Aust-Europa, blir løyvd med	123 000 000
3955		Equinor ASA:	
(NY)	96	Sal av aksjar, blir løyvd med	42 726 484 000
5325		Innovasjon Noreg:	
	53	Tilbakeføring av unytta tiltakspakkemidler, blir auka med frå kr 73 850 000 til kr 79 150 000	5 300 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir redusert med frå kr 64 100 000 000 til kr 62 700 000 000	1 400 000 000
5329		Eksportkredittordninga:	
	70	Gebyr m.m., blir redusert med frå kr 30 000 000 til kr 25 000 000	5 000 000
5440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	319 700 000 000
		2 Driftsutgifter	-44 800 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 800 000 000
		4 Avskrivningar	-37 800 000 000
		5 Renter av statens kapital	-5 200 000 000
			<u>229 100 000 000</u>

Kap.	Post	Formål	Kroner
	30	Avskrivningar, blir auka med..... frå kr 33 500 000 000 til kr 37 800 000 000	4 300 000 000
	80	Renter av kapitalen til staten, blir auka med frå kr 5 000 000 000 til kr 5 400 000 000	400 000 000
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet:	
	74	Fiskeriforskningsavgift, blir auka med frå kr 383 400 000 til kr 440 000 000	56 600 000
	76	Kontrollavgift fiskeflåten, blir auka med frå kr 50 000 000 til kr 58 000 000	8 000 000
5612		Renter frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS:	
	80	Renter, blir auka med frå kr 33 200 000 til kr 41 200 000	8 000 000
5613		Renter frå Siva SF:	
	80	Renter, blir auka med frå kr 10 200 000 til kr 13 500 000	3 300 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Norge:	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med frå kr 750 000 000 til kr 665 000 000	85 000 000
5626		Renter av lån til Institutt for energiteknikk:	
	80	Renter, blir redusert med..... frå kr 2 500 000 til kr 1 600 000	900 000
5629		Renter frå eksportkredittordninga:	
	80	Renter, blir redusert med..... frå kr 1 040 000 000 til kr 1 000 000 000	40 000 000
5656		Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting:	
	85	Utbyte, blir auka med frå kr 28 780 200 000 til kr 28 961 300 000	181 100 000
5685		Aksjar i Equinor ASA:	
	85	Utbyte, blir redusert med frå kr 37 768 100 000 til kr 34 618 100 000	3 150 000 000

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» føyast til:

- kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 27 Etablering av støtteregister
- kap. 913 Daglegvaretilsynet, post 01 Driftsutgifter
- kap. 922, Romverksemd, post 75 Tilskotsordning knytt til nasjonalt senter for jordobservasjon i Tromsø

III

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2025 kan gi Norsk nukleær dekommisjonering fullmakt til å inngå kontraktar for inntil 75,5 mill. kroner til opprydding ved Søve gruver under kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering, post 30 Opprydding Søve.

IV

Fullmakt til å utgiftsføre utan løyving ved eventuelle behov for kompensasjon dersom vilkår inntreff ved avvikling av Investeringsfond for Nordvest-Russland og Aust-Europa

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet kan utbetale kompensasjon til kjøparar av verksemder som blei selt ved avvikling av Investeringsfond for Nordvest-Russland og Aust-Europa dersom spesielle forhold knytt til salet inntreffar, avgrensa til 10 mill. kroner. Kompensasjonen posterast på kap. 952 Investinor AS, post 71 Kompensasjon i samband med sal av verksemder ved avvikling av Investeringsfond for Nordvest-Russland og Aust-Europa.

V

Sal av forvaltingsverksemd ved dotterselskap og avslutting av investeringsverksemd

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet kan:

1. slutte seg til Argentum Fondsinvesteringer AS sitt planlagte sal av forvaltingsverksemda ved dotterselskapa Argentum Asset Management AS, Argentum Business Management AS og Argentum Alternative Investments AS til EGD Holding-gruppa.
2. slutte seg til at Argentum Fondsinvesteringer as avsluttar sin aktive investeringsaktivitet og avviklar investeringsporteføljen over tid.

VI

Korrigerings av kapitalinnskot i kapitalrekneskapen

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet, i samband med utarbeiding av kapitalrekneskapen for 2025, får fullmakt til å auke oppføringa av kapitalinnskot i Statkraft SF med 4 189 mill. kroner ved korrigerings mot konto for forskyving i balansen.

VII

Kjøp av deltakardelar i gasstransport-interessentskap

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2025, i samband med kjøp av deltakardelar i gasstransportinteressentskap, kan gi Petoro fullmakt til å:

1. overskride løyvinga under kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar, for å dekkje kjøp av Equinor ASA sin attverande eigardel på 5 pst. i Polarled, inkludert netto pro et contra-oppgjer som følgje av transaksjonen.
2. belaste kap. 5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda for eksterne, transaksjonsrelaterte utgifter som følgje av kjøp av eigardel i gasstransport-interessentskap.